

Referat

Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, campus Førde

Deltakarar: Fagseksjonsleiar Anny Aasprang, fagleg representant Inger Oline Bruland, fagleg representant Aud Berit Fossøy, fagleg representant Terese Bjordal, studentrepresentant Øystein Brekke Skjelvan, studentrepresentant Thomas Storehaug Øren, eksternt medlem Berit Ullebust, eksternt medlem Hilde Loe Reed, studierettleiar Siri Munch Wahl (referent)

Tilstande: Anny Aasprang, Inger Oline Bruland, Aud Berit Fossøy, Terese Bjordal, Berit Ullebust, og Siri Munch Wahl

Forfall: Hilde Loe Reed, Øystein Brekke Skjelvan, Thomas Storehaug Øren

Møtedato: 04.05.20

kl. 09.00 – 10:15

Møterom: Zoom-møte

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Ingen kommentarar til innkallinga. Saklista vart godkjent.				

2/20 Status og endringar ved bachelorutdanninga i sjukepleie campus Førde knytt til COVID-19 situasjonen			Fagseksjonsleirar orienterer om endringar	45 min
<p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar innleiar med at det kom klare føringar frå departementet om at studentane måtte halde fram studieløpet tross COVID-19. HVL fatta at ordinær praksis skulle avsluttast og at alternative løysingar skulle settast i verk. Alle campusar vart stengde for ordinær undervising og studentaktivitet ut vårsemesteret 2020. Undervising og eksamen skjer digitalt. Mellombels forskrift om tillegg til forskrift 9. mai 2019 nr. 1000 om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet vart vedtatt slik at nødvendige endringar i utdanningane kunne gjennomførast. Målet var at ingen skulle bli forsinka i studieløpet, men at det kunne bli endringar i utdanningsplan til studentane i høve kva emne som kunne gjennomførast i vår. All ordinær praksis vart avlyst eller avbroten for vårsemesteret 18. mars kl. 08:00. Mange av våre sjukepleiestudentar har allereie jobb i helse- eller sosialtenestene, eller har nyleg fått ekstrajobb og/eller sommarjobb. Det vart difor jobba med alternativ løysing der ein innpassar denne arbeidspraksisen inn i eit praksisemne, og godkjenner dette som praksis. Her vart det gjort faglege vurdering om innpass opp mot læringsutbytta for kvart praksisemne. Alle studentar med studieopphald i utlandet vart henta heim ut i frå gjeldande råd frå styresmaktene og rektor ved HVL. HVL avlyser i tillegg all utveksling til land utanfor Europa og all praksisutveksling til alle land hausten 2020.</p> <p>Fagseksjonsleiar gjekk igjennom endringane som vart gjort ved sjukepleieutdanninga i Førde våren 2020:</p> <p><u>Kull vår 2020 (76)</u></p> <p>Undervising i emna <i>SK160 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi</i> og <i>SK161 Sjukdomslære og farmakologi</i> vart strøyma via Zoom. Nasjonal eksamen i Anatomi, fysiologi og biokjemi vart flytta frå 20.04.20 til 12.08.20. Emnar der SK160 eller SK161 er forkunnskapskrav vart fråvika dette kravet grunna endring av eksamensdato.</p> <p><u>Kull haust 2019 (75)</u></p> <p>Undervising i emna <i>SK169 Grunnleggande sjukepleie og sjukepleie til eldre</i> og <i>SK155 Etikk, jus og psykologi</i> vart strøyma via Zoom. Eksamen i SK169 vart endra frå skriftleg skuleeksamen til munnleg, og eksamen i SK155 frå skriftleg skuleeksamen til heimeeksamen. Studentane skulle etter ordinært studieløp ut i praksisemnet <i>SK170 Rettleia praksis i sjukeheim</i> etter påske. Alternativ løysing vart å flytte eit teoriemne frå hausten i tredje semester til vårsemesteret (andre semester). Kull 75 tek <i>SK162 Sjukepleie ved somatisk sjukdom og skade</i> der undervisinga vert strøyma via Zoom.</p>				

Deltidskull haust 2019 (75D)

Undervisning i emne *SK169 Grunnleggande sjukepleie og sjukepleie til eldre* vart strøyma via Zoom, og eksamen endra frå skriftleg skuleeksamen til munnleg.

Kull vår 2019 (74)

Praksisemnet *SK163 Første rettleia praksis i spesialisthelsetenesta* vart avlyst, og alternative løysingar vart satt i verk. Kullet vart difor delt opp i fleire gruppe der nokon gjekk ut i lønna arbeidsforhold som innpassa praksis, enten medisinsk eller kirurgisk praksis. Praksisen vert rettleia frå praksislærer via Skype eller Zoom. Det vil vere både midtsamtale, sluttsamtale og godkjenning av arbeidskrav og digitale kurs som arbeidsgjevar/HVL krev gjennomført knytt til alternativ praksisgjennomføring.

Dei studentane som ikkje fekk eit godkjent sitt arbeidsforhold eller av andre grunnar ikkje kunne jobbe inn minimumskravet på 150 timar fekk begynne i teoriemne *SK157 Helsefremjande og førebyggjande arbeid* saman med kull 73. Studentane som tek *SK157* våren 2020, vil hausten 2020 ta både *SK163 Første rettleia praksis i spesialisthelsetenesta* og *SK164 Andre rettleia praksis i spesialisthelsetenesta*.

Kull haust 2018 (73)

Studentane gjekk i praksisemnet *SK164 Andre rettleia praksis i spesialisthelsetenesta* frå veke 5 til 13. Praksisen vart abroten i veke 12, men vurdert til tilstrekkeleg og tilfredsstillande nok knytt til læringsutbytta for å avslutte emnet med sluttvurdering. Studentane gjekk vidare i emnet *SK151 Sjukepleiaren sitt ansvar i kvalitetsutvikling og forskning* og deretter i *SK157 Helsefremjande og førebyggjande arbeid*.

Kull vår 2018 (72)

Praksisemna *SK166 Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern* og *SK167 Rettleia praksis i heimebaserte tenester* vart avbroten, og alternative løysingar vart satt i verk. I kull 72 vart klassen delt i to gruppe (før COVID-19), der den eine gruppa starta i *SK166* og den andre i *SK167*, begge med oppstart i veke 8. Begge praksisemna skulle etter utdanningsplanen deira gjennomførast våren 2020. Den allereie påbegynte praksisen vart vurdert til tilstrekkeleg og tilfredsstillande når studentane hadde dokumentert arbeid på minimum 150 timar. Kravet for at studentane også skulle få det forestående praksisemnet (enten *SK166* eller *SK167*) godkjent med lønna arbeid, var også satt til minimum 150 dokumenterte timar.

Dei studentane som ikkje fekk eit godkjent sitt arbeidsforhold eller av andre grunnar ikkje kunne jobbe inn minimumskravet på 150 timar i enten *SK166* og/eller *SK167* (her vart også *SK159 Førebuing til yrkeslivet* vurdert), fekk begynne i emnet *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie*.

Kull haust 2017 (71)

Studentane gjekk i praksisemnet *SK159 Førebuing til yrkeslivet* frå veke 9. Praksisen vart avbroten i veke 12, og alternativ løysing vart iverksett. Studentane som hadde dokumentert arbeid på minimum 150 timar vart vurdert til tilstrekkeleg og tilfredsstillande nok knytt til læringsutbytta for å avslutte emnet med sluttvurdering. Studentane som ikkje hadde dokumentert 150 timar arbeid per 18.03.20, fekk tilrettelagt løysing der dei jobba inn minimumskravet i lønna arbeid. Studentane gjekk vidare med emnet *SK152 Bacheloroppgåve i sjukepleie*.

Studentane som var på utveksling til Zambia (emne SK198 som erstatning for SK159) vart sendt heim og fekk alternativ løysingar i Førde for å fullføre praksisperioden. Studentane har i dag fått praksisen vurdert til tilstrekkeleg og tilfredsstillande nok knytt til læringsutbytta for å avslutte emnet med sluttvurdering.

Deltidskull haust 2017 (71D)

På lik linje med kull 72 gjekk studentane i kull 71D ut i praksisemna *SK166 Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern* eller *SK167 Rettleia praksis i heimebaserte tenester* i veke 8. Praksisen vart avbroten i veke 12 og alternative løysingar vart satt i verk. I kull 71D vart også klassen delt i to gruppe (før COVID-19), der den eine gruppa starta i SK166 og den andre i SK167, begge i veke i veke 8. Den allereie påbegynte praksisen vart vurdert til tilstrekkeleg og tilfredsstillande når studentane hadde dokumentert arbeid på minimum 150 timar. Kravet for at studentane også skulle få det forestående praksisemnet (enten SK166 eller SK167) godkjent med lønna arbeid, vart også satt til minimum 150 dokumenterte timar.

Mellombels lisens

Helsedirektoratet har vurdert behov for å mobilisere sjukepleiestudentar i arbeidet med COVID-19. På oppdrag frå Helsedirektoratet har fakultet for helse- og sosialvitskap difor sendt lister over studentar som er ferdig utdanna juni 20. Helsedirektoratet nyttar desse når dei skriv ut lisens. Lisensen varar i to månadar.

3/20 informasjon om fyste studieår knytt til innføring av ny studieplan for bachelor i sjukepleie.			Fagseksjonsleiar orienterar om studieplanen i fyste studieår	25 min
<p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar orienterar om at den nye sjukepleieutdanninga ved HVL (campus Førde, Bergen og Stord/Haugesund) hausten 2020 tek opp sine fyste kull. Det er i tillegg eit auke i søkartalet på sjukepleieutdanninga ved alle tre campus. Førde hadde ein auking på 21% frå i fjor. Studentane som begynner på ein ny utdanning til hausten vil også vere prioritet for fysisk oppmøte på campus. Det er likevel uklart kor mykje studentaktivitet som er lovleg på campus f.o.m. august, og semesteret planleggast derfor i tillegg med alternative løysingar deler av/all undervisninga vert strøyma.</p> <p><u>1 semester, hausten 2020:</u></p> <p>Fagseksjonsleiar trekk fram det nye emnet <i>SYKF110 Danning og akademisk handverk</i> (7.5 stp.), som er felles for alle studentane ved HVL. Sjukepleieutdanninga er i utvalt som pilot for emnet, og Hanne Marie Heggdal, som har hatt ein sentral rolle i utarbeidinga av den nye studieplanen, skal vere emneansvarlig i Førde. Det er allereie utarbeida digitale ressursar i emnet slik at undervisninga enkelt kan gjennomførast digitalt. Emnet omhandlar blant anna etikk, vitskapsteori og metode, berekraft, kommunikasjon og akademisk skriving. Vurderingsforma vil vere skriftleg gruppeoppgåve. Emnet har ein varigheit på 8 veker.</p> <p>Parallelt med danningsemnet skal studentane ha emnet <i>SYKF130 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi</i> (15 stp.). Emnet og eksamen er styrt av nasjonale føringar frå NOKUT. Vidare trekk fagseksjonsleiar fram emnet <i>SYKF100 Grunnleggande sjukepleie</i> (7.5 stp.), som også startar parallelt med SYKF110 og SYKF130.</p> <p><u>2 semester, vår 2021:</u></p> <p>Emne <i>SYKF100 Grunnleggande sjukepleie</i> strekker seg litt ut på vårsemesteret, t.o.m. veke 3. Studentane går deretter vidare i emnet <i>SYKF140 Sjukdomslære og farmakologi</i> til over påske. Det er i tillegg satt av ressursdagar til gjennomføring av medikamentets som knytt til emne <i>SYKPF120 Praksissitудie, Grunnleggande sjukepleie</i> parallelt med SYKF140. <i>SYKPF120</i> praksisemnet har ein varigheit på 8 veker med planlagt oppstart etter påske og fram til sommaren.</p> <p>I veke 2 startar kull nummer to på ny studieplan, kull 78 våren 2021.</p>				